

Utval: Utval for miljø og samferdsel
Møtestad: Fylkesutvalsalen, fylkeshuset
Dato: 10.05.2017
Tidspunkt: 11.00-16.30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	Til kl. 15.45
Atle Kvåle	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti
John Torgeir Torsvik	Iiril Schau Johansen	H
Nils- Anders Nøttseter	Natalie Antonia Golis	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar transportplanseksjonen/stedfortredar
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
Sølve Sundbø	Klima- og naturressurssjef, regionalavdelinga
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Kaisa Tonheim Banne	Rådgjevar Statens vegvesen
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 53/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 54/17	Godkjenning av møtebok førre møte		
PS 55/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 29/17	Synspunkt frå Hordaland fylkeskommune til Meld St. 33 (2016-17) Nasjonal transportplan 2018-29	2014/21176	
RS 30/17	Melding om fylkesadministrasjonen sitt arbeid med plan for etablering av bussjåførfasilitetar	2017/3152	
RS 31/17	Nye rammevilkår for cruisetrafikken og andre på verdsarvfjordane - uttale frå Verdarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap	2014/363	
RS 32/17	Svar på brev om tiltak på fylkesveg 57	2017/938	
RS 33/17	Klager på sanntidsinformasjonssystemet.	2017/938	
RS 34/17	Tilskudd til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner- tildeling av midler 2017 - Hordaland fylkeskommune	2014/23709	
RS 35/17	Fagdag om sykkel, 9. juni 2017	2014/13889	
RS 36/17	Rapport: Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet	2017/2979	
RS 37/17	Status for etablering av Sørvest Bomvegsselskap AS og kjøp av BT Signaal AS	2014/13939	
RS 38/17	Møteplan for fylkeskommunale organ 2018	2015/5700	
PS 56/17	Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet	2014/505	
PS 57/17	Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Vedtak av regional plan	2014/1180	
PS 58/17	Masfjordbrua - teknisk og økonomisk utgreiing	2015/5147	
PS 59/17	Miljøpris for Hordaland 2016	2017/2917	X
PS 60/17	Søknad frå Smartpark Drift AS om ruteløyve for strekninga Lønningsvegen - Bergen lufthamn	2017/234	
PS 61/17	Stad skipstunnel - søknad om finansieringsbidrag	2015/7	
PS 62/17	Høyring - søknad frå Norwegian Fjord Visjon om ruteløyve for strekninga Bergen - Voss - Flåm - Jostedalen	2017/3726	
PS 63/17	Søknad frå Lustrabaatane AS om løyve for båtrute på strekninga Eidfjord - Ulvik	2017/2324	
PS 64/17	Prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten	2016/4901	
PS 65/17	Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekningar i Fjell	2017/2529	
PS 66/17	Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg	2017/2964	
PS 67/17	Søknad frå Flesland Parkering AS om ruteløyve for strekninga Lønningsvegen - Bergen lufthamn	2017/2171	
PS 68/17	Temaplan "Likeverd i Hordaland fylkeskommune" - vedtak	2015/11349	
PS 69/17	Ymse		

PS 53/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) m.fl. kommenterte at passordet til sak 59/17 som var u.off. ikkje virka. Dei hadde ikkje fått svar på melding om dette. Saka vart omdelt i papir i møtet.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend merknaden over.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 54/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Vedtak

Møteprotokollen frå møte 20.04.2017 vart godkjend utan merknader.

PS 55/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

På spørsmål frå **John Torgeir Torsvik (H)** i samband med RS 30/17 «Melding om fylkesadministrasjonen sitt arbeid med plan for etablering av bussjåførfasilitetar», opplyste direktøren for Skyss at det vil verte lagt fram politisk sak i junimøtet.

I samband med RS 33/17 «Klager på sanntidsinformasjonssystemet» etterlyste **Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** svar på spørsmålet om kor mange feil sanntidssystemet har i ein gitt periode. Administrasjonen vil kome tilbake til dette.

I samband med RS 31/17 «Nye rammevilkår for cruisetrafikken og andre på verdsarvfjordane - uttale frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap» spurde **Marthe Hammer (SV)** om kva for handlingsrom Hordaland fylkeskommune har. Klima- og naturressurssjefen opplyste at fylkeskommunen ikkje har myndigheit / forvaltningsansvar på feltet.

I samband med RS 29/17 «Synspunkt frå Hordaland fylkeskommune til Meld St. 33 (2016-17) Nasjonal transportplan 2018-29» stilte **Svein Halleraker (H)** seg kritisk til fylkesordføraren sitt notat til høyringsmøtet om stortingsmeldinga. Fleire representantar hadde ordet under debatten.

I samband med RS 37/17 «Status for etablering av Sørvest Bomvegselskap AS og kjøp av BT Signaal AS» etterspurde **Gustav Bahus (Frp)** ferskare informasjon enn det som kjem fram i notatet. Administrasjonen vil leggje fram oppdatert status i neste møte.

PS 56/17 Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2016 og Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen 2016 til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2016 og Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen 2016 til orientering.

PS 57/17 Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Vedtak av regional plan

Forslag til innstilling

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek Fylkestinget *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028* med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget.
2. I tråd med Regional planstrategi får Fylkesutvalet ansvar for oppfølging av *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*. Oppfølging må bli sett i samanheng med arbeidet med byvekstavtalen. Det vil bli rapportert på handlingsprogrammet årleg, mens det kvart fjerde år vil bli rapportert på måleindikatorar i samband med regional planstrategi.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.05.2017

Rosalind Fosse (Frp) sette fram slikt forslag:

«Saken tas til orientering»

Røysting

Fosse sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Saken tas til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Spesialrådgjevar **Hans-Christian Engum** frå regionalavdelinga presenterte arbeidet med og hovudinnhaldet i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

Jon Askeland (Sp) sette på vegner av Sp, KrF, A og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3: Planen får følgjande tillegg på side 38:
Sjølv om utbygging skal prioriterast i lokale vekstsoner, utelukkar ikkje det at det også kan leggjast til rette for spreidd busetnad i bygdene.»

Stein Inge Ryssdal (H) sette på vegner av H og MDG fram slik protokollmerknad:

«På bakgrunn av alle høyringsuttalane vil Høgre og MDG arbeide vidare med og ta stilling til planen før handsaming i fylkestinget.»

Gustav Bahus (Frp) sette fram slik protokollmerknad:

«Framstegspartiet røyster i mot framlegg til vedtak i saka om regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Grunnen for at Frp vel å stemma mot er at planen slik den ligg føre direkte hemmar utvikling i omegnskommunane og set det lokale sjølvstyret til side i desse kommunane. Planen virkar direkte mot si hensikt slik me ser det.»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Nytt forslag til overordna mål:
Bergensområdet skal i perioden ha ein markert reduksjon i klimagassutslepp, lokal luftforureining og støy, og konsekvensar for dette må vurderast i all arealplanlegging. Bergensområdet har mål om nullvekst innan personbiltrafikk.

Tillegg i planen:

- For å nå nullvekstmålet innan personbiltrafikk som mål for heile Hordaland er det naudsynt med differensiering, det betyr at innafør Bergen er målet 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020, og 20% innan 2030.
- Det er heilt nødvendig å unngå ein auke av den samla vegkapasiteten for privatbiltransporten inn mot Bergen, dersom vi skal nå måla om reduserte klimagassutslepp, god luftkvalitet og mindre bilbruk.
- Hordaland fylkeskommune ser køfritt kollektivtilbod som avgjerande for auka overgang frå bilbruk til kollektivtransport, og ønskjer derfor å omprioritere vegkapasitet til fordel for bybane i eigen trasé og kollektivfelt. Det må sikrast kollektivfelt, og dermed køfri kollektivtransport, på alle innfartsårer til Bergen.
- «Bymiljøtunnelen» er ikkje eit tiltak som er i tråd med målsettingar for tydelegare ivaretaking av klima- og miljøomsyn, ei heller nullvekstmålet innan personbiltrafikken.
- Den statlege planlegginga og framføring av ny trasé for E16 og jernbane aust for Bergen er viktig bidrag til utvikling av det regionale transportsystemet. Planen bør tydeleggjere dette. Jernbane må innarbeidast i det regionale transportsystemet. Tettstadene med jernbanestasjonar vert inkludert i omgrepet regional vekstsone (vekstkorridor).
- 4.10: Senter- og fortettingsområde må utviklast med gode opphaldsareal for alle brukargrupper, eit finmaska gangnett og trygg gang-/sykkeltilgang til nærfriluftområde. Samanhengande blågrøne strukturar skal utviklast og kulturminneverdiar ivaretakast.
- Andre transportdrivarar enn bustad og arbeidsplass bør nemnast i RATP. I folk sin kvardag er nærheit til barnehage, skolar, offentleg service og nærbutikk viktig dersom reiser skal kunne takast med gange, sykling eller kollektivt.»

Geir Angeltveit (V) sette fram slikt forslag:

«Saka vert teken til orientering.»

Røysting

Angeltveit sitt forslag fekk 5 røyster (V, H, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Askeland sitt forslag fekk 8 røyster (A, Sp, SV, KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag vart mot 5 røyster (H, Frp) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek fylkestinget *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028* med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget.
2. I tråd med Regional planstrategi får fylkesutvalet ansvar for oppfølging av *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*. Oppfølging må bli sett i samanheng med arbeidet med byvekstavtalen. Det vil bli rapportert på handlingsprogrammet årleg, mens det kvart fjerde år vil bli rapportert på måleindikatorar i samband med regional planstrategi.
3. Planen får følgjande tillegg på side 38:
Sjølv om utbygging skal prioriterast i lokale vekstsoner, utelukkar ikkje det at det også kan leggjast til rette for spreidd busetnad i bygdene

Protokollmerknad frå H

På bakgrunn av alle høyringsuttalane vil Høgre og MDG arbeide vidare med og ta stilling til planen før handsaming i fylkestinget.

Protokollmerknad frå Frp

Framstegspartiet røyster i mot framlegg til vedtak i saka om regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Grunnen for at Frp vel å stemma mot er at planen slik den ligg føre direkte hemmar

utvikling i omegnskommunane og set det lokale sjølvstyret til side i desse kommunane. Planen virkar direkte mot si hensikt slik me ser det.

PS 58/17 Masfjordbrua - teknisk og økonomisk utgreiing

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet viser til rapport frå teknisk /økonomisk forprosjekt for Masfjordbrua. Rapporten gjev eit godt grunnlag for vurdering av moglege tekniske løysingar og kostnader for aktuelle bruløysingar/brukonsept.
2. Fylkesutvalet konstaterer at bompengar, midlar til ferjeavløysing og kommunalt tilskott ikkje vil vera tilstrekkeleg til å finansiera prosjektet. Eventuelle fylkeskommunale løyvingar til prosjektet må vurderst i ei samla prioritering. Fylkesutvalet går inn for at prosjektet Masfjordbrua mellom Masfjordnes og Duesund i Masfjorden kommune vert handsama i seinare sak om investeringsprogrammet på fylkesvegnettet 2018-2021.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag (a):

1. «Fylkesutvalet viser til rapport frå teknisk /økonomisk forprosjekt for Masfjordbrua. Rapporten gjev eit godt grunnlag for vurdering av moglege tekniske løysingar og kostnader for aktuelle bruløysingar / brukonsept.
2. Fylkesutvalet konstaterer at andre utrekningar viser at bompengar, midlar til ferjeavløysing og kommunalt tilskott kan vera tilstrekkeleg til å fullfinansiera prosjektet. Fylkesutvalet går difor inn for at Hordaland fylkeskommune, saman med Statens vegvesen og Masfjorden kommune, arbeider vidare med nærare avklaringar rundt Masfjordsambandet, og at prosjektet vert handsama i eiga sak.
3. Fylkesutvalet ber om det straks vert satt i gang ein prosess mot departementet om førehandsavklaring knytt til ferjeavløysingsmidla, og at resultatet av dette med overslag på kor mykje bruprosjektet kan utløyse vert lagt fram som eiga sak innan oktober 2017.»

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp, V, Frp og H fram slikt forslag (b):

«Utval for miljø og samferdsel støttar Masfjorden kommune i å opprette eit selskap finansiert av Masfjorden kommune som i samarbeid med fylkeskommunen lagar eit finansieringsopplegg.»

Røysting

Byrknes sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Byrknes sitt forslag (b) vart vedteke mot 2 røyster (SV, MDG).

Vedtak

Utval for miljø og samferdsel støttar Masfjorden kommune i å opprette eit selskap finansiert av Masfjorden kommune som i samarbeid med fylkeskommunen lagar eit finansieringsopplegg.»

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet viser til rapport frå teknisk /økonomisk forprosjekt for Masfjordbrua. Rapporten gjev eit godt grunnlag for vurdering av moglege tekniske løysingar og kostnader for aktuelle bruløysingar / brukonsept.
2. Fylkesutvalet konstaterer at andre utrekningar viser at bompengar, midlar til ferjeavløysing og kommunalt tilskott kan vera tilstrekkeleg til å fullfinansiera prosjektet. Fylkesutvalet går difor inn for at Hordaland fylkeskommune, saman med Statens vegvesen og Masfjorden kommune, arbeider vidare med nærare avklaringar rundt Masfjordsambandet, og at prosjektet vert handsama i eiga sak.

3. Fylkesutvalet ber om det straks vert satt i gang ein prosess mot departementet om førehandsavklaring knytt til ferjeavløysingsmidla, og at resultatet av dette med overslag på kor mykje bruprojektet kan utløyse vert lagt fram som eiga sak innan oktober 2017.

PS 59/17 Miljøpris for Hordaland 2016

Forslag til vedtak

1. Utval for miljø og samferdsel tildeler Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for 2016 til ...

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Saka var unnateke offentleggjering etter offentleglova § 26, 2. ledd. Etter kommunelova § 31 nr. 2 vart møtet difor lukka under behandlinga av saka.

Nils T. Bjørke (Sp) sette fram slikt forslag:

«Namnet på miljøprisen vert endra frå «Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for 2016» til «Hordaland fylkeskommune sin miljøpris».»

Juryen for miljøprisen, **Nils T. Bjørke (Sp)**, **Marthe Hammer (SV)** og **Geir Angeltveit (V)** sette fram slikt forslag:

«Juryen for miljøprisen ønskjer at prisen skal gå til Kenneth Bruvik for arbeid hans for å få i gang strandrydding og fokus på marin forsøpling.

Vi vil også peike på arbeidet hans med å undervise og leggje til rette for naturopplevingar for vanskelegstilt ungdom.

Skal vi klare å rydde strendene, vikene, fjordane og havet fritt for plast, er vi heilt avhengige av alle frivillige som ryddar lokalt og gjer si strand og bukt plastfri. Det har vore eit voldsomt lokalt engasjement etter at kvalen stranda. Prisen vert tildelt til Bruvik fordi han er ein flott representant for alle dei frivillige som saman med han har rydda strender både før og etter gåsenebbkvalen sin død.

Denne prisen går til han, og med det ønskjer Hordaland fylkeskommune å setje fokus og gje merksemd til det lokale engasjementet og det private initiativet som trengst for å rydde kysten fri for plast. Bruvik er ikkje aleine, det er mange som har teke tak i søppelsekkane og det trengst no! Det ønskjer vi å støtte og styrke ved å gje prisen til Bruvik.»

Røysting

Bjørke sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Juryen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Namnet på miljøprisen vert endra frå «Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for 2016» til «Hordaland fylkeskommune sin miljøpris».
2. Utval for miljø og samferdsel tildeler Hordaland fylkeskommune sin miljøpris til Kenneth Bruvik for arbeidet hans for å få i gang strandrydding og fokus på marin forsøpling.

Juryen si grunngjeving:

Juryen for miljøprisen ønskjer at prisen skal gå til Kenneth Bruvik for arbeid hans for å få i gang strandrydding og fokus på marin forsøpling.

Vi vil også peike på arbeidet hans med å undervise og leggje til rette for naturopplevingar for vanskelegstilt ungdom.

Skal vi klare å rydde strendene, vikene, fjordane og havet fritt for plast, er vi heilt avhengige av alle frivillige som ryddar lokalt og gjer si strand og bukt plastfri. Det har vore eit voldsomt lokalt engasjement etter at kvalen stranda. Prisen vert tildelt til Bruvik fordi han er ein flott representant

for alle dei frivillige som saman med han har rydda strender både før og etter gåsenebbkvalen sin død.

Denne prisen går til han, og med det ønskjer Hordaland fylkeskommune å setje fokus og gje merksemd til det lokale engasjementet og det private initiativet som trengst for å rydde kysten fri for plast. Bruvik er ikkje aleine, det er mange som har teke tak i søppelsekkane og det trengst no! Det ønskjer vi å støtte og styrke ved å gje prisen til Bruvik.

PS 60/17 Søknad frå Smartpark Drift AS om ruteløyve for strekninga Lønningsvegen - Bergen lufthamn

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Smartpark Drift AS ruteløyve for strekninga Lønningsvegen – Bergen lufthamn. Løyvet gjeld for 10 år.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tildeler Smartpark Drift AS ruteløyve for strekninga Lønningsvegen - Bergen lufthamn. Løyvet gjeld for 10 år.

PS 61/17 Stad skipstunnel - søknad om finansieringsbidrag

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet går inn for at Prosjektgruppa for Stad skipstunnel får midlar frå Hordaland også i 2017, men deretter bør prosjektgruppa, om den skal vidareførast, finna andre finansieringskjelder. Fylkesutvalet gjev tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel på kr. 150 000,- i 2017. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2017.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet går inn for at Prosjektgruppa for Stad skipstunnel får midlar frå Hordaland også i 2017, men deretter bør prosjektgruppa, om den skal vidareførast, finna andre finansieringskjelder. Fylkesutvalet gjev tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel på kr. 150 000,- i 2017. Løyvinga vert dekt innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2017.

PS 62/17 Høyring - søknad frå Norwegian Fjord Visjon om ruteløyve for strekninga Bergen - Voss - Flåm - Jostedalen

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for det omsøkte ruteløyve at lokaltransport i Hordaland berre skal finne stad etter avtale med Hordaland fylkeskommune ved Skyss. Utover dette har Hordaland fylkeskommune ikkje merknader til søknaden frå Norwegian Fjord Visjon om ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Flåm – Jostedalen.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for det omsøkte ruteløyvet at lokaltransport i Hordaland berre skal finne stad etter avtale med Hordaland fylkeskommune ved Skyss. Utover dette har Hordaland fylkeskommune ikkje merknader til søknaden frå Norwegian Fjord Visjon om ruteløyve for strekninga Bergen - Voss - Flåm - Jostedalen.

PS 63/17 Søknad frå Lustrabaatane AS om løyve for båtrute på strekninga Eidfjord - Ulvik

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Lustrabaatane AS ruteløyve for strekninga Eidfjord - Ulvik på følgjande vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld for 10 år.
2. Det skal leggjast til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne nytte transporttilbodet mest mogleg likeverdig med andre.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tildeler Lustrabaatane AS ruteløyve for strekninga Eidfjord - Ulvik på følgjande vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld for 10 år.
2. Det skal leggjast til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne nytte transporttilbodet mest mogleg likeverdig med andre.

PS 64/17 Prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tar status for arbeidet med «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten» til orientering.
2. Noverande modell for billettkontrollar vert vidareført, med dei endringane som vert gjort som følge av «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten».

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Marthe Hammer (SV) sette fram slik protokollmerknad:

«Billettkontroll er ei offentleg oppgåve til liks med det å drive bussar og bybane.

Billettkontrollen bør driftast av Skyss, og billettkontrollørene bør vere offentleg tilsett.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tar status for arbeidet med «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten» til orientering.
2. Noverande modell for billettkontrollar vert vidareført, med dei endringane som vert gjort som følge av «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten».

Protokollmerknad frå SV

Billettkontroll er ei offentleg oppgåve til liks med det å drive bussar og bybane.

Billettkontrollen bør driftast av Skyss, og billettkontrollørene bør vere offentleg tilsett.

PS 65/17 Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekningar i Fjell

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for servicebussruter i Fjell kommune, i samsvar med søknad av 18.01.17.
2. Ruteløyvet gjeld for 10 år.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for servicebussruter i Fjell kommune, i samsvar med søknad av 18.01.2017.
2. Ruteløyvet gjeld for 10 år.

PS 66/17 Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for strekninga Bergen Busstasjon – Nyborg ved Ikea, på følgjande vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld for 10 år.
2. Ruteløyvet gjeld ikkje for lokaltransport.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for strekninga Bergen Busstasjon - Nyborg ved Ikea, på følgjande vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld for 10 år.
2. Ruteløyvet gjeld ikkje for lokaltransport.

PS 67/17 Søknad frå Flesland Parkering AS om ruteløyve for strekninga Lønningsvegen - Bergen lufthamn

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Flesland Parkering AS ruteløyve for strekninga Lønningsvegen – Bergen lufthamn. Løyvet gjeld for 10 år.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tildeler Flesland Parkering AS ruteløyve for strekninga Lønningsvegen - Bergen lufthamn. Løyvet gjeld for 10 år.

PS 68/17 Temaplan "Likeverd i Hordaland fylkeskommune" - vedtak

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune».
2. Temaplanen skal rullerast kvart fjerde år.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet».

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.05.2017

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune».
2. Temaplanen skal rullerast kvart fjerde år.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet».

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune».
2. Temaplanen skal rullerast kvart fjerde år.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet».

PS 69/17 Ymse

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

Sakene vart behandla i slik rekkefølge: PS 56-58/17, PS 60-68/17, PS 59/17.

ORIENTERINGAR

Biogasstrategi for Hordaland v/klima- og naturressurssjef Sølve Sondbø, regionalavdelinga

Trolleybussutviding i Bergen – presentasjon av teknisk forprosjekt v/sjef anskaffelser og totalentrepriser Ole Wilhelm Mortensen, Bybanen Utbygging

Nytt frå Statens vegvesen v/avdelingsdirektør Olav Finne, Statens vegvesen

- Grethe Vikane vert ny avdelingsdirektør etter Olav Finne frå 1. august 2017
- Etterundersøking av sambruksfelt som vart teke i bruk 9. mars 2016
- Status for trafikkavvikling under Sykkel-VM 16.-24. september 2017

Nytt frå Skyss v/sals- og marknadssjef Hanne Alver Krum, Skyss

- Prisar og billetter i kollektivtrafikken

INNSENDE SPØRSMÅL

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Det vert synt til oppslag på NRK der det vert hevda at SVV i region Vest ikkje har gode nok rutinar og dokumentasjon for vedlikehald av bruer. Kan SVV gjera greie for status og kva etterslep ein har på dette området og kva som vert gjort for at ein skal oppnå tilfredstillande vedlikehald av bruer i Hordaland?»

Administrasjonen hadde utarbeidd slikt svar:

«Vegtilsynet har revidert vegvesenet sitt system for oppfølging av riksvegbruene i Region vest. Fylkesvegbruene vert ikkje omfatta av revisjonen, men forholda er ikkje annleis her.

Hovudfunnet i rapporten er at vi ikkje dokumenterer enkel inspeksjon i BRUTUS (vegvesenet sitt bruregister). Handbøkene våre tilseier at bruene skal inspiserast kvart år, evt. annakvart år avhengig av type / storleik, og at denne inspeksjonen skal registrerast i BRUTUS. Vi har i eigen instruks gitt driftsentreprenør ansvar for å føreta eit årleg tilsyn med bruene våre. Dette vert rapportert på eigne ark og vert ikkje registret i BRUTUS

Det er i alt 1600 bruer på rv og fv i Hordaland herav ca. 550 på rv og 1050 på fv. For å oppfylle handbokskravet, må vi ha enkel inspeksjon på ca. 80 bruer pr. arbeidsdag heile året. Til det trengst det min. 2-3 mann eller mellom 2-3 mill. for å leige denne tenesta. Vi er kome til at det er meir føremålstenleg å la driftsentreprenør som er på veggen også sjå til bruene. På denne måten vil dei også få eit eigarforhold til bruene. Ei slik løysing er ikkje i samsvar med vegvesenet sin normal. Til orientering ligg det føre eit forslag til ny normal som skal gjelde fylkesvegbruer. Denne er heimla i forskrift for fylkesvegbruer. Her kan ein ut frå ein risikoanalyse endre intervall på enkel inspeksjon, og også utelate den heilt.

Dette vert grunngeve med at bruene også har ein meir grundig inspeksjon kvart 5. år, hovudinspeksjon. Det er denne som i all hovudsak dannar grunnlaget for forslaga våre til vedlikehaldsplanar. I 2016 var dei fleste planlagde hovudinspeksjonane utført i regionen, med unntak av Hordaland. Vi har inngått avtale med eit konsulentfirma om å utføre desse inspeksjonane. Dei har første året av kontrakten, 2016, berre klart å inspisere 2/3 av de av dei bruene som var avtalt. Dette medfører ei forskuving, slik at intervallet mellom kvar inspeksjon kan verte nærare 6 år enn dei 5 åra som er vanleg intervall.

Det er også påpeikt at trafikkerte bruer ikkje alltid vert registrerte i BRUTUS. Her er det sviakt i rutinar for overlevering frå nybygg til drift.

Eit anna funn er at skader ikkje vert reparert tidsnok i høve til krava. Dette kan skuldast fleire forhold;

- vi kan vere ueinig i vurderinga av alvorret av ein skade
- vi manglar saksbehandlar / byggeleiarressursar
- vi manglar pengar

Vi har sjølv sagt sterkt fokus på dei mest alvorlege skadene, og vurderer det som trygt å bruke bruene.

At vi ikkje får registret at skader er reparert er sjølv sagt svært beklageleg, og her må vi forbetre oss.

Ein liten statistikk for Hordaland for å vise omfanget:

Antal	Bruer	T9-T16 ¹⁾	B9-B16 ²⁾	V9-V16 ³⁾	Tiltak planl.	Tildeling mill. kr
rv	559	116	21	181	1052	25,5
fv	1076	218	46	327	2238	15,0

1) T9-T16 Alvorlege skader som har konsekvens for trafikksikkerheit, der T16 er mest alvorleg

2) B9-B16 Tilsvarande for skader som har konsekvens for bæreevne

3) V9-V16 Tilsvarande for skader, som dersom dei ikkje vert reparert, vil gi auka vedlikehaldskostnader

Tiltak vil verte utarbeidd og sett i verk på grunnlag av revisjonsrapporten. Tilbakemelding om korleis Statens vegvesen planlegg å lukke avvika, vil verte sendt vegtilsynet innan midten av juni i år.»

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Ledige p-plassar - innfartsparkering

Innfartsparkering er eit viktig tiltak for våre pendlarar. Likevel ser vi at der er mykje ledig plass på dei merka områda for dei med veke-/månadskort. Eit døme: Ein av dei som var til stades på bybaneopninga til Flesland nyleg opplevde at i det nye P-anlegget på Birkelandsskiftet var heile etasjar tomme.

Spørsmålet er då: For å kunne også bruke desse tomme plassane kunne det vore mogleg med ei enkel betaling her? Slik at plassane kan takast i bruk av andre som ikkje har veke eller månadskort.»

Administrasjonen hadde utarbeidd slikt svar:

«Observasjonane om at det er ledig kapasitet på parkeringshuset på Birkelandsskiftet stemmer godt med dei observasjonane som fylkesadministrasjonen har gjort. Det er nokre av anlegga for innfartsparkering som har ledig kapasitet. I tillegg til anlegget på Birkelandsskiftet har anlegget ved Storavatnet/Godviksvingane på Ytre Laksevåg og det mellombelse anlegget ved Horisont i Åsane ledig kapasitet. Dei aller fleste av anlegga for innfartsparkeringane har fullt belegg, og kunne sikkert utvida for å ta i mot fleire om det hadde vært mogleg.

Fylkesrådmannen vil i det vidare arbeidet med innfartsparkering arbeide vidare med betalingsløysingar for innfartsparkering. Som varsla i budsjettdokumentet for 2017 skal det utarbeidast ein handlingsplan for å følgje opp gjeldande strategi for innfartsparkering fram mot 2030. Betalingsløysingar for innfartsparkeringar vil bli ein del av arbeidet med handlingsplanen. Når det gjeld anlegget på Birkelandsskiftet, vil fylkesrådmannen følgje spesielt med på om det er ei utvikling i bruken av plassane som følgje av at Bybanen no går heilt fram til flyplassen. Om det viser seg at dette anlegget i stor grad blir tatt i bruk som parkering for reisande til flyplassen vil ein vurdere å gjennomføre tiltak.»

Geir Angeltveit (V) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Korrespondanse mellom pendlarbuss Stord og Snøggbåt Sunnhordland

I dagens (8. mai) Bladet Sunnhordland står tre fortvila reisande igjen på bryggekanterna i det snøggbåten har reist.

Artikkelen talar stort sett for seg sjølv, men problemet er at pendlarbussen til verftet nokre gongar kjem for seint til avgang for snøggbåten frå Leirvik båtkai. Då må dei pendlande venta ein time lenger før neste buss.

Som ein kanskje kjenner til er trafikksituasjonen gjennom Leirvik ganske tett til tider, og denne uforutsigbarheita skaper naturlegvis problem for dei som nyttar kollektivtilbodet vårt. Dei seier sjølv at båtruta har tid til å vente litt.

Skyss seier at dette kan la seg ordna ved at buss og båt kommuniserar, eg lurar på om dette er blitt oppmoda om ovanfor våre operatørar?»

Direktøren for Skyss svarte at Skyss har starta ein dialog med buss- og båtoperatørar, for å unngå at det oppstår slike uheldige situasjonar som går ut over pendlarane.

John Torgeir Torsvik (H) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Planarbeid for opprusting/rassikring av veg mellom Jondalstunnelen og Folgefonntunnelen

Jondalstunnelen AS har som kjent satt i gang en prosess med sikte på utrede muligheten for å kunne forlenge bompengerperioden for Jondalstunnelen, der formålet er å finansiere en nødvendig opprusting/rassikring av vegen mellom utløpet av Jondalstunnelen i Nordrepollen, frem til v 551 i Austrepollen. Strekingen er totalt ca. 3 500 meter.

Initiativet har bakgrunn i at Jondalstunnelen blir nedbetalt flere år før de 15 år som stortingsproposisjonen tillater, og et stort behov for bedre og tryggere veg på den aktuelle strekingen.

Den aktuelle vegstrekingen er i dag smal og med mange trafikksikre partier, og den har partier med sterk stigning som vanskeliggjør vinterkjøring, spesielt for tunge kjøretøyer. Store deler av strekingen er sterkt rasutsatt. Jondalstunnelen har siden åpningen i 2013, hatt en sterk trafikkvekst som ser ut til å fortsette. Mer trafikk vil øke ulykkesrisiko på den aktuelle strekingen, og er i ferd med å bli et problem også rent trafikalt.

Jondalstunnelen har engasjert ekstern konsulent i en avklaringsfase, og det er opprettet god kontakt med Hordaland Fylkeskommune, som internt har engasjert prosjektleder.

Spørsmål:

1. Hvilken fremdrift ser Hordaland fylkeskommune for seg i dette prosjektet?
2. Hvordan vil planarbeidet bli lagt opp og hvilket omfang vurderes som nødvendig?
3. Jondalstunnelen har ca. kr. 1,8 mill. stående på konto, som stammer fra forhåndsinnkrevde bompenger krevet inn på fergen. Jondalstunnelen AS ønsker å benytte disse midlene til planarbeidet.

Hvordan vurderer fylkeskommunen en slik bruk av disse midlene?»

Administrasjonen kjem tilbake med svar.

Svein Halleraker (H) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Trafikksikring av gang- og sykkelveger

Gang- og sykkelveg representerer i seg selv en vesentlig trafikksikring og vi er i en god utvikling der stadig flere strekninger får egen trase for myke trafikanter.

Det er viktig at disse vegene blir brukt av flest mulig. Dessverre ser vi at særlig syklistar ofte velger kjørebana fremfor gang- og sykkelvegen. Dette kan skyldes flere forhold, men manglende rengjøring av veibanen er en vesentlig årsak. Andre årsaker er at gang- og

sykkelveg ofte benyttes til oppstilling av avfallsbeholdere etc., som utgjør potensiell kollisjonsrisiko.

Egen erfaring gjelder gang- og sykkelvegene langs E39 på Stord. Her benytter mange syklister vegbanen fordi gang og sykkelvegene ikke feies og det derfor ligger igjen mye grus etter vinteren. Innslag av glasskår er heller ikke uvanlig. Dette er en trafikkfarlig strekning og det vil være et enkelt og meget effektivt trafikksikringstiltak å sørge for at gang- og sykkelveger er godt rengjort.

Spørsmål:

Er det mulig for Hordaland fylkeskommune å ta aktivt initiativ for bedre renhold av gang- og sykkelveger i fylket?»

Administrasjonen kjem tilbake med svar.

SPØRSMÅL I MØTET

Renate Møgster Klepsvik (Frp) stilte slikt spørsmål:

«Ferjer

Kan utvalet få ei kort løypemelding / oppdatering på sluttforhandling og detaljar om ferjemateriell og rutetilbod i Rutepakke 1 og spesielt for sambanda Husavik - Sandvikvåg og Krokeide - Hufthamar som har oppstart i 2018.»

Direktøren i Skyss svarte på spørsmålet.

På spørsmål frå **Marthe Hammer (SV)** om når det vert lagt fram sak om organisering av Bybanen, opplyste seksjonsleiar Rolf Rosenlund at det kjem sak i neste møte.